

av Len Jenkin
omsett av Ola E. Bø

Regi
Scenografi/gobodesign
Kostyme

CARL JØRGEN KIØNIG
KRISTIN TORP
MIA RUNNINGEN

Omsetjar
Serveringsdame
Zendavesta
Tjuv
Margo
Mrs. Lamble
Smykkehandlar
General
Havsalte Ed
Havsalte Edna
Marcel

JAN GRØNLI
HILDE OLAUSSON
BJØRN JENSEG
PAUL-OTTAR HAGA
NINA WOXHOLT
TRINI LUND
SVERRE BENTZEN
STÅLE BJØRNHAUG
HALLVARD HOLMEN
UNN VIBEKE HOL
STEIN BOBERG/HERVE ALBERT HUCK


Kunstnarleg koordinator
Prosjektleiar
Suffli
Rekvisitør
Rekvisitørassistent
Maske
Scene
Lys
Lyd
Sal
Informasjon/program

HARRY GUTTORMSEN
PER BERG-NILSEN
ASTRID HELLESEN
HELGE FYKSE
TORUNN LIVEN
TRUDE SNEVE
HERVE ALBERT HUCK, STEIN BOBERG
PER-GUNNAR GULSTUEN, GRO KRISTENSEN
CHRISTIAN SNILSBERG
CHARLOTTE ARNØ STOREBAKKEN
KARI LISE KOLÅS

Teiknar
Fotograf
Lysbilete frå Mexico/USA
Trykkeri

ARNE NØST
ESPEN TOLLEFSEN
KRISTIN TORP/CARL JØRGEN KIØNIG
FALCH HURTIGTRYKK

Europapremière på Prøvesalen 29. april kl. 18.00



*Den berømte mesteren Guyot
fant i forvirret hedensk skrift
legenden som stammer fra
alle legenders kilde*

(Jean Michel Angebert: *The Occult and the Third Reich*,
Macmillan, New York, 1974)

REI S E I M Ø R K E



DET OKKULTE

Mystikk og okkultisme. Begge orda viser til noko løyn-
domsfullt - mystikk tyder i dagleg tale gåtefullt eller ufor-
ståeleg, mens okkult tyder skjult eller mørklagt. Men det
er ikkje kva som helst slags løyndommar. Mystikarar og
okkultistar hevdar å ha tilgjenge til viktige kunnskapar og
opplevingar som er utilgjengelege for folk flest.

Okkultismens og mystikkens område ligg i grenslandet
mellom religion og psykologi. Okkulte doktriner er lær-
dommar med ei historie som er lagd i mørke. Ein del av
forklaringa ligg i det faktum at okkultismen tek føre seg
usynlege eller skjulte fenomen som samanhengar mellom
stjerner og menneske eller mellom fargar og tonar. Den
omfattar òg kunnskapar om usynlege vesen, som englar,
djevlar, elementalar og ånder av ulike slag, og dessutan
kunnskap om "høgare lekamar" som skal vere ein del av
mennesket sin gøymde natur.

Det mørket som okkultismen er dekt inn i, skriv seg del-
vis frå dei innvigde si side. H. P. Blavatsky seier i føreor-
det til *Den Hemmelige Lære* at boka inneheld "det som
for augneblinken kan openberrast" - med andre ord er
sanninga for verdifull til å strøast ut på torget. Den som
søker dei innerste sanningane, må leite etter dei. Prisen
deira er søkarens alvorlege innsats for å finne dei.

(frå *Vestens mysterier* av Jan Bojer Vindheim, Ex Libris 1990)



LEN JENKIN


Sceneproduksjonar:

"PILGRIMS OF THE NIGHT"
"CARELESS LOVE"
"POOR FOLK'S PLEASURE"
"AMERICAN NOTES"
"A SOLDIER'S TALE"
"MADRIGAL OPERA" (musikk av Philip Glass)
"KID TWIST"
"LIMBO TALES"
"FIVE OF US"
"CANDIDE"
"DARK RIDE" (Reise i mørke)
"MY UNCLE SAM"
"A COUNTRY DOCTOR"
"KITTY HAWK"
"THE DEATH AND LIFE OF JESSE JAMES"
"GRAND AMERICAN EXHIBITION"
"MISSION"
"NEW JERUSALEM"

Framsyningane er produsert av m. a. New York
Shakespeare Festival, Mark Trapper Forum i Los Angeles,
Seattle Repertory Theatre og mange andre teater i USA
og England.

Filmmanus:

"BLAME IT ON THE NIGHT" (1984)
"SHOOTING STARS" (1986)
"WELCOME TO OBLIVION" (1989)
"NICKEL DREAMS" (1990)



MARGO:

TV'n min er eit einvegs kommunikasjonssystem, som sender meg ord og bilete i det uendelege. Dei skifter heile tida, og likevel forstår eg dei alltid. TV'n min kan kommunisere med meg, dersom eg er vaken, og ser på. Å kommunisere med meg er å seia saker, eller vise meg saker som eg forstår. Dersom du seier noko til meg som eg ikkje forstår, da kommuniserer vi ikkje. Ikkje sant? Men vi kommuniserer akkurat no.

Dersom vi driv og kommuniserer på denne måten - slik at vi forstår kvarandre - fører det berre til små krusingar i konteksten vår, denne verda av felles ord og bilete som i utgangspunktet set oss i stand til å kommunisere. Som med meg og TV'n - den gjer ikkje stort anna enn å stokke litt i dei korta eg har fått. Det er hyggeleg, men no skrur eg han av. Eg treng ein ny kortstokk.

OKKULTE FANTASJAR

Sambandet mellom okkultisme og fantasilitteratur er gammalt. Rudolf Steiner og Georg Gurdjieff legg begge vekt på segner og eventyr som formidlarar av okkult, visdom, og moderne eventyrdikting har ofte eit okkult preg. Bulwer Lyttons romanar om okkulte løyndomar, *Zanoni* og *Den kommende rase*, fikk eit stort publikum i 1870 - 80 åra.

Den største okkulte klassikaren er nok *Dracula*, som kom ut i 1897. Forfattaren Bram Stoker var ein nær venn av Brodie-Innes, ein av dei leiande medlemmene i Golden Dawn (Det Gyldne Daggrys Hermetiske Orden). Golden Dawn skulle vere vigd til magisk arbeid innanfor ein vestleg tradisjon, i motsetnad til teosofane si austlege ori-
entering. Ordenen var utan frimurariske tilknytningar og tok opp både kvinner og menn som medlemmer.

Algernon Blackwood, som òg var medlem av Golden Dawn, skreiv fleire romanar med okkulte tema.

Fortunes romanserie om Vivian LeFay Morgan er særleg bygd opp for å formidle okkulte kunnskapar, medan Aleister Crowley's *Moonchild* er ein samanhengande injurie mot alle dei okkulte motstandarane hans.

J. R. R. Tolkiens klassiske trilogi om *Ringenes Herre* er påverka av britisk okkultisme, og den kvite trollmannen Gandalf, som vart eit symbol for hippiane, er snart betre kjend enn kong Arturs rådgjevar Merlin. Katolikken C. S. Lewis, som var ein nær venn av Tolkien har òg skrive fantasiromanar, og science fiction-klassikaren *Out of the Planet*, ei av dei svært få bøkene i genren med tydelig katolske tendensar.

(frå Vestens mysterier av Jan Bojer Vindheim, Ex Libris 1990)

KABBALAEN


Jødisk mystikk har eksistert kontinuerleg i Europa, parallelt med kristendommen, men den ser ut til å ha blitt reorganisert i siste del av middelalderen.

Den reorganiserte jødiske okkultismen som blir kalla kabbalisme, har hatt stor påverknad i Europa. Den kabbalistiske læra omfattar m. a. kunnskap om engls og djevls hierarki, symbola og tala deira. Kvar engel og kvar djevil kan kjennast att ved eit eige tal og namn. Til namnet og talet høyrer òg eit magisk diagram - eit segl.

Det blir lagt stor vekt på numerologi og på det hebraiske alfabetet si okkulte tyding. Kabbalaen har detaljerte kunnskapar om dei høgare lekamane til mennesket og om reinkarnasjon.

Det grunnleggande kabbalistiske skriftet er *Sepher Yetzirah* (Skapelsens bok), som skal vere dikta til Adam av Gud sjølv, men som er nedskreven rundt byrjinga av vår tidsrekning av Akiba ben Yoseph. Det andre hovudverket i kabbalismen er *Sepher ha Zohar* (Praktens bok), skriven i Spania rundt år 1300 av rabbi Moses ben Leon. Kabbalismen er blitt studert av både kristne, muslimar og jødar og legg i dag grunnlaget for fleire magiske ordnar.

Særleg viktig for kabbalistan er eit okkult diagram som blir kalla livens tre, der Guds straumdrag i verda blir framstilt gjennom ti stadium, fordelt på fire nivå. Søyli i midten kan òg symbolisere kraftsentera langs ryggraden til mennesket, det som på sanskrit blir kalla chakraene, mens dei to ytre søylene kan representere alle slags motsetningar; det maskuline og det feminine, natt og dag, kulde og varme. Dei kan også identifiserast med frimurariets to tempelsøyler: Jachin og Boaz.




ZENDAVESTA:

Spør de kvar vi skal? Unge mann, den nye kosmogonien er blitt openberra for meg. Nøkkelen er enkel. Vi lever på innsida av jorda. Moderne astronomar har heilt rett, bortsett frå at dei snur innsida ut. Heile Kosmos er som eit egg. Vi lever på den indre overflata av eit hult skal, og inne i holrommet er sola, månen, stjernene, planetane og kometane i sine banar. Kva, spør De, er så på utsida av skalet? Ingenting. Absolutt ingenting. Innsida er alt som er. På ein viss stad i skalet er det likevel eit hol. Eit ørlite hol, der ein mann kan koma gjennom og ut i den ustanslege utsondringa av endelaust fråver for å utsette seg sjølv i sæle. Eg talar til deg om oppstoda, på ein annan måte.

TAROT


Tarotkorta er opphavet til våre vanlege spelkort. Dei har fire fargar med fjorten kort i kvar og tjueto trumfkort. Kvart kort er illustrert, og dei har fleire lag av tydingar. Særleg dei tjueto trumfane, med sine særigne illustrasjonar, har skapt mykje undring i okkulte krinsar. Dei første tarotkorta dukka opp i Europa på 1400-talet. Lenge meinte ein at dei stamma frå Egypt, mange meiner no at dei kjem frå India og kom hit saman med sigøyningarane. Tarotkorta blir ofte nytta til spådomskunst, men magikarar brukar dei også som symbol for ulike okkulte sanningar.


I nyare tid har tarotkorta blitt knytta til kabbalaen: dei tjueto trumfane let seg fordele på dei tjueto vegane i "Livsens tre". Dette kan gjerast på ulike måtar, men hovedpoenget er at bileta på tarotkorta skal svare til dei astrale områda ein ferdast gjennom på kvar av vegane. Dei førti tarotkorta blir fordelte på "Livsens tre", slik at kvar av dei ti sfærane får eit kort av kvar farge. Dei fire fargane svarar da til fire ulike nivå i kvar sfære. Slik oppstår det ein interessant kombinasjon mellom to vandringsfolk: jødar og sigøyningarar.



MARGO:

Det er eigentleg berre to førestellingar om det folk trur på, veit du. Den eine er - berre det som alle trur er sant, slik som at sola er vedunderleg, og det er sansynlegvis ein slags Gud bak alt, og å skade folk er ikkje fint...slike greier. Alternativet er: Dersom alle trur det, korleis kan det vera sant? Det er jo heilt opplagt at alle andre er galne, at berre dei greiene som eg trur, er sant. For viss nokon er einig med meg i noko, så begynner eg å tru at meininga mi må vera passeleg dum. Er du einig?





FORHEKSING


Til alle tider og i alle kulturar har det vore vedtatt at krefter i den andre verda kan ta makta over mennaska, setje medvitnet deira til side for slik å kunne snakke og handle med hjelp av lekamen deira.

Det er mogleg å tilby lekamen sin frivillig til bruk for åndene, slik som t. d. sjamanar, orakelprestar og prestinær og moderne medium gjer, men det folketrua særleg har frykta, er ufrivillig å bli offer for vonde ånder eller svartekunstnarar.

Til vanleg går ein ut frå at dei vonde åndene treng eit kontaktpunkt for å kunne trengje inn i eit menneske. Eit slik kontaktpunkt kan vere noko fysisk - ein hårløkk, ein bloddrope, ein nagl; kan hende berre eit plagg eller ein gjenstand som har tilhøyrt vedkomande - men det kan og vere meir uhandgripeleg - ein uvane, ei ugjerning som ikkje er sona.




SMYKKEHANDLAREN:

Ein mann kan i vanvare vandre inn i mørke, underjordiske labyrintar som han aldri meir kjem ut av. Zoharen fortel om tre menn som bestemte seg for å utforske dette mørkets rike. Dei steig ned. Ein klamrar seg enno i redsle til veggen nær inngangen, for skremd til å røre seg - ein vart galen, og forsvann for alltid blant stiane i den svarte labyrinten. Berre den tredje, rabbi Isak den blinde, kom trygt attende. Han hevdar at han møtte seg sjølv, og førte seg sjølv attende til verda her oppe.



MRS. LAMMLE:

Den gjengse meininga om årsak og verknad er presist formulert i det vanlege uttrykket: "Den eine tingen etter den andre." Denne oppfatninga er knytt til dei barnslege førestellingane våre om dei ibuande eigenskapane i tid og rom. I Verda av samantreff er slike førestellingar ugyldige. I det opphøvelege menneskesinnet, slik vi finn det hos primitive folkeslag, er tid og rom svært flytande omgrep. Dei blir faste omgrep først som ein del av vår mentale mogning. Sanninga er at i seg sjølv består tid og rom faktisk av ingenting. Dei er berre førestellingar som blir til som eit resultat av utveljingsprosessen i eit medvite sinn. Dei formar likevel dei ufråvikelege vilkåra for å skildre lekamar i rørsle.



FOR EIT SAMANTREFF

- bisarre historier frå det verkelege livet

BISARRE DØDSFALL:

“Fjellklatraren Gerard Hommel, ein vetran med seks Everet-ekspedisjonar på meritt-lista, døydde av hovudskadane han fekk da han fall ned frå ein stige medan han skifta lypære i heimen sin i Nantes, Frankrike, oktober 1993.”

“Willie Murphy (61), fabrikkarbeidar ved Golden Peanut Company i Donalsonville, Georgia, døydde på arbeidsstaden da han vart klemd i hel under eit ras av peanøtter.”

“Ein 23 år gammal arbeidar ved sukkertøyfabrikken i Marseilles, vart klemd i hel da ei kasse med 5 000 pounds (ca. 2 500 kg) marshmallows raste over han.”

“Den hardnakka Armando Pinelli (70), vann krangelen med ein annan mann om kven som skulle få sitte i den einaste stolen i skuggen under eit palmetre i Foggia, Italia. Pinelli døydde da palmen fall over han kort tid etter krangelen.”

BISARRE ULYKKER:

“Anna Hascher (82) gikk framleis på krykker, ti år etter at ho vart påkøyrd i Wien i 1983 av minibuss-sjåføren Milance Zivojinovic. Da Anna den 21. mai 1993 humpa over vegen om lag 500 meter frå den første ulykkesstaden, vart ho igjen påkøyrd av Milance Zivojinovic, denne gongen i lastebil. Anna Haschers venstre bein måtte amputerast.” (National Enquirer, 14 juli 1993)


I 1966 mista ein brasiliansk sjåfør kontroll over lastebilen sin og krasja i Christina Costas hus i Salvador, 23 år seinare køyrde han på og raserte det same huset, den 6. november 1989, i følge Sandwell Express & Star, 8. november 1989.

“Politimannen Michael Benning slapp berre så vidt frå alvorlege skadar da ei grøn isblokk raste gjennom taket i huset hans natt til 12. juli 1993. Benning vakna av braket da isblokka råka loftsbjelken rett over soverommet. Den einaste forklaringa undersøkingar har kome fram til, er at den grøne isblokka må ha falle frå eit fly med toalett-lekkasje.” (Leicester Mercury, 13. juli 1993)

“Sombrero kro, Irokeserhovdingen...”

“Først da han seks timar seinare kom fram til heimen deira utanfor Milano, oppdaga den italienske mannen at han hadde gløymt igjen kona på ei vegkro 450 miles køyring frå Milano. Mannen forklarte politiet at kona vanlegvis sat bak i bilen og snakka i eit sett. - Eg høyrer aldri på snakkinga hennar, derfor merka eg ikkje at ho var borte, sa han.” (Daily Mirror, 27. august 1992)

Sam Bill, fødd i Boston 15. oktober 1993, har same fødselsdag som begge foreldra, Robert og Susan, og same fødselsdag som legen som tok imot han da han vart fødd. Sam har fått namnet til oldefar sin, som òg var fødd 15. oktober. (Edinburgh Evening News, 19. oktober 1993)



FISKEREGN

“...den kjende fiskezoologen bombardert av fisk frå lufta...:”

“Tusenvís av prikkete, abborliknande fisk, mellom to og fem centimeter lange, vart funne plaskande rundt på parkeringsplassar og vegar ved den vesle tettstaden Dunmarra i Australia 22. februar i fjor. Den australske zoologen Beryl Moris meiner at hendinga kan forklarast med at enkelte fiske-egg kan overleve i ørkenområde i meir enn eit år før tungt regnfall utløyser klekking. Egga kan bli frakta med vinden over lange avstandar og nærast regne ned som fisk, hevdar zoologen.

Dei siste seks ára har folket i Dunmarra opplevd tre tilsvarende fiskeregn, det siste 28. februar 1994 da tusenvís av fisk vart oppdaga i sølepyttar i området etter at det hadde regna om lag 12 centimeter. Adele Liebelt, mor til den ti år gamle Greg som oppdaga fiskeregnet ved familiens Dunmarra Wayside Inn, fortalde pressa at turistar i området var “svært urolege.” (Northern Territory News og Associated Press (AP), 1. mars 1994)

APROPOS JOHN WILKES BOOTH:

Samanlikningane er mange mellom dei to amerikanske presidentane Lincoln og Kennedy, også når det gjeld tilfeldige samantreff mellom attentatmennene deira:

- John Wilkes Booth og Lee Harvey Oswald var begge sørstatsmenn i 20-ára, fødte med akkurat 99 års mellomrom (1838 og 1939)
- Sekretæren til Lincoln, John Kennedy, rådde presidenten frå å gå i teatret. Sekretæren til Kennedy, Evelyn Lincoln, rådde presidenten til å ikkje reise til Dallas.
- Booth skaut Lincoln i eit teater og gøymde seg i eit varehus. Oswald skaut Kennedy frå eit varehus og vart funnen sitjande i eit teater.
- Lincoln vart drepen i Fords Theater. Kennedy vart drepen i ein Ford Lincoln Convertible.
- Booth og Oswald vart begge drepane før dei kunne stilast for retten.
- Lincoln vart skoten med pistol - Booth med ei rifle.
- Kennedy vart skoten med rifle - Oswald med pistol.
- Namna Lincoln og Kennedy inneheld begge sju bokstavar, John Wilkes Booth og Lee Harvey Oswald femten bokstavar. (USA Today, 21. nov. 1989 og the Wallace family's Book of Lists No 3, 1983)

(Kilde: “Fortean Times, the journal of strange phenomena”)



ZENDAVESTA:

Eg skal vera ærleg. Mesteparten av livet har eg sett på mennene og kvinnene rundt meg som...ting, ikkje som menneske med kjensler som meg sjølv. Eg planla å kome meg bort frå dei ved å skapa eit univers for meg sjølv, og flytte dit. Men denne kongressen har opna auga mine. Eg sat i Tropesalongen, nett her på hotellet, den kvelden eg kom, åleine. I etasjen over, ved skranken, skreiv dei første optikarane seg inn. Bartendaren mangla to av framtennene. Eg hadde magesmerter. Da plutselig skjøna eg sanninga. Den kvelden, i Tropesalongen i Hasienda Ramon, hadde Guds nerver, ved eit guddommeleg mirakel blitt projiserte inn i kroppen min. Guds sed, rett og slett, i form av guddommelege kvite nerve-trådar, har strekt seg ned frå himmelen og gjennom bora lekamen min. Befrukting har skjedd. Det er ikkje lenger noko eg ønskjer å vita, eller nokon stad eg ønskjer å sjå.

